

PROGRAM TIME MDG

2023-2027

Natur og miljø

- Sikra at kommunen sin klima-og miljøplan vert fulgt opp, evaluert og hyppig revidert. Planen skal vektast tungt i alt planarbeid
- Nulltoleranse for bruk av plante- og insektgifter i kommunal samanheng, dette gjeld òg entreprenørar som har oppdrag for kommunen
- Totalforbod mot nedbygging av våtmarker
- Time kommune skal ha eit nasjonalt ansvar for å bevare vipa
- Lysforureining er eit problem for fleire artar. MDG Time vil jobba for å minimera lysforureining
- fortsatt arbeida for å heva blågrøn faktor i planarbeid for å vera førebudd for klimaendringane
- Anlegga blomstereng og områder med biologisk mangfald i kommunale fellesområder, rabattar og rundkøyningar, og avgrensa kantslått for å sikra mat til insekt

Skule og oppvekst

- MDG ynskjer å leggja til rette for alternative former for opplæring gjennom å laga gode praksis-opplegg i grunnskulen
- Mangfald i skuletilbodet
- Sikra at Time oppfyller krava i nasjonal norm for lærartettleik og i skule og barnehage
- Behovsprøving av gratis kjernetid i barnehage
- Evaluering av iPad-ordninga i grunnskulen
- iPad skal kunna vera på skulen for å gjera fritida meir fri frå skjermbruk
- Fokusera på tidleg innsats i lesing, skriving og rekning i skulen
- Gras og naturleg materiale heller enn gummi på leikeplassar og idrettsanlegg

Landbruk

- Endra langsiktig grense for landbruk ved rullering av neste kommunearealplan for at noverande landbruksareal blir sikra
- Legga til rette for sentrumsnært jordbruk
- Tillata gardsvindmøller der minst 50% av energiproduksjonen vert brukt til garden

- Tilby kursopplegg for regenerativt landbruk.
- Fokus på redusert avrenning og redusert nitrogen og fosfortap til vassdrag.
- Motivere flere bønder til å ta inn korn, poteter, rotfestet og grønnsaker i vekstskifte.

Arealpolitikk

- Nullvisjon for nedbygging av matjord til bustadføremål, forretningsdrift, kontor og lager
- Ny utbygging skal baserast på eit prinsipp om fortetting av eksisterande bustadmasse, men samstundes sikra ein miks av ulike bustadtypar for heile livsløpet
- Utvikla Bryne til ein by med sjarm og ta vare på eit utsnitt av eldre bustadhus
- Time MDG vil ikkje støtta utbygging av næringsområda NK1, NK2, NK3 og NK4 på Kalberg
- Ved neste rullering av arealplanen vil me omregulera jordbruksområder som er regulert til bustadutbygging og næringsverksemd tilbake til LNF for å sikra våtmarker og matproduksjon
- Utvikla plan for fortetting i Håland industriområde
- Bruka nøye utvalgte utmarksområde til utbygging av grønn industri der dette er forsvarleg ut i frå naturvernomsyn
- Sørja for at kommunale byggeprosjekt er ambisiøse og har framoverlente løysingar som er energieffektive og klima- og miljøvenlege, gjennom å stilla krav til berekraftig materialval, ambisiøs blågrøn faktor, grønne tak og andre tiltak i nye prosjekt

Samferdsel

- Nasjonalt reisekort til kollektivtransport for 500 kr per månad
- Den trafikale situasjonen gjennom Kverneland er utfordrande, og MDG vil jobba for å finna ei god, varig løysing. Dette inneber å vurdere korvidt ein omkøyringsveg skal finansierast gjennom bompengar
- Jobba for at å utvida bysykkel-ordninga til bygdene

Energi

- Krav om fornybar energi ved nye byggeprosjekt og rehabilitering
- Utbyggingsstopp av store nye vindkraft-parkar på land
- MDG er positive til gardsvindmøller og andre alternative energikjelder som er viktige energiproduserande tiltak for landbruket

Helse

- Munnen er ein del av kroppen og tannhelse skal vera ein del av den ordinære helsetenesta. MDG Time vil difor utgreia ei innføring behovsprøvd kommunal tannlegestøtte
- Legga til rette for ein verdig alderdom - våre eldre er ein ressurs og fortener respekt
- Legga til rette for etablering av generasjonsprosjekt og seniorkollektiv med stor grad av fellesområder og delepolicy - bu heile livet

Næringsliv

- Legga til rette for utvikling av grønt næringsliv
- Prioritera utbyggingar som gjev klimakutt og grøne arbeidsplassar
- Vurdera eigedomsskatt på næringsverksemd som ikkje arbeider etter FN sine berekraftsmål
- Arbeida for «Bondens marked» og liknande tiltak for sal av lokal mat
- Innføra innkjøpsavtalar for lokalproduserte matvarer i alle kommunale institusjonar og kantiner, der det er mogleg

Kultur

- Legga til rette for eit berekraftig uteliv og rike kulturopplevingar
- Styrka koplinga mellom kultur, frivilligheit og utdanning gjennom til dømes feriekubb, lesevern og utøving av materiell og immateriell kulturarv

MDG Time ynskjer å utgreia korvidt innbyggerane ynskjer kommunesamanslåing med Klepp